

## Avtale

Mellom Meland kommune og eigar av gnr 4 bnr 58 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge vassleidning frå Fløksand-Beitingen. I same grøft skal det også leggjast kablar for fiber og veglys. Det vil bli satt opp stolper for veglys langs den kommunale vegen. I samband med anlegget gjev underskrivne grunneigar Meland kommune rett til å leggja vassleiding, fiber, kabel for veglys og veglys på eigedomen. Den aktuelle plasseringa av leidningane og veglys er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:500. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningane og infrastruktur i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald.
2. I samband med bygging av anlegget får kommunen moglegheit til mellomlagring av massar på eigedomen. Naudsynt areal for mellomlagring skal masseutskiftast. Matjord leggjast opp etter anvisning frå grunneigar. Røter skal køyrast bort. Dersom arealet vert nytta til mellomlagring skal kommunen leggje drenerøyr fram til vassig ved grunneigar sin garasje.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
4. Påviselege anleggsskadar på grøfter skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbetra, skal ein fagperson frå landbruksforvaltninga i kommunen avgjere saka.

Eventuelle andre påviseleg anleggsskadar på bygningar eller liknande skal utbetrast i den grad det er mogleg. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbetra skaden på tilfredstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale, skal det gjevast vederlag etter anleggskadeskjønn.

5. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningane og kablane utan nærare avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil infrastrukturen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegga. Ein føreset at vassleidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Kablar for veglys og fiber vert lagt med minst 40 cm overdekning.
6. Som vederlag for ulemper grunneigaren vert påført ved legginga, bandlegging av arealet og kommunen sin rett til seinare ettersyn, utbetringar og vedlikehald, betalar kommunen ein eingongssum som er sett til følgjande og basert på offisielle gardskart på skogoglandskap.no:

over full- og overflatedyrka mark	kr 25,- per m grøft
over gjødsla beite	kr 15,- per m grøft
over anna jord	kr 2,50 per m grøft

7. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen, kan grunneigar, dersom det er ønskeleg, kontakte Meland kommune for felles synfaring.
8. Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. 4 bnr. 58

Meland kommune

.....

Sveinulf Wilsgaard

.....

Orgnr: 951 549 770

Personnr:.....